

Turbuss Vest AS
Idrettsvegen 53
5353 STRAUME

Dato: 20.01.2017
Vår ref.: 2015/2154-11
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om løyvefritak for persontransportruter i Fjell

Vi viser til dykkar brev av 18.01.17 med søknad om løyvefritak for persontransportruter på strekningar i Fjell.

Fylkesdirektør samferdsel har i dag gjort følgjande **vedtak**:

I medhald av yrkestransportforskrifta § 36 vert Turbuss Vest AS for perioden 05.03.17-04.06.17 unnateke kravet om ruteløyve for strekningane Bjørøyna – Straume terminal, Turøyna – Straume terminal, Syltøyna – Straume terminal, Kallestad – Straume terminal og Møvika – Straume terminal. Unnataket gjeld også sidevegane på strekningane. Unnataket gjeld for den ruteplanen og det takstregulativet som er nemnd i søknaden.

Grunngeving: Verksemda vert driven i mindre enn 3 månader i året og er av mindre betydning og skadar ikkje annan rutetransport.

Vognar som vert nytta i drifta må ha turvognløyve eller drosjeløyve.

Dette dokumentet tener som dokumentasjon på dispensasjonen frå kravet om ruteløyve.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.